

## Bruksanvisning til [www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com)

Vel Samnanger i nedtrekksmenyen «Velg kommune». Under dukkar det då opp ei liste som heiter «Samnanger kartlag».

- Det nye planframlegget heiter «Kommuneplanforslag»
- Eksisterande arealplan heiter «Kommuneplan»
- Kystsoneplanen heiter «Kommunedelplan».

Desse kartlaga er litt gjennomsiktige, så ein kan ha dei på samstundes og til ei viss grad sjå endringar. Ein ser endringane best ved å slå på og av dei ulike planane fleire gonger.

Ved å klikka med pila i kartet får ein opp ein meny på høgresida som gjev meir info om kva status akkurat dette punktet har i alle planar som finst akkurat her. Her må ein klikka på pila ved sida av planen, og så på pila ved sida av «Arealformål».

I søkefeltet kan ein søka på gards- og bruksnummer. Gards- og bruksnummer skrivast med kommunenummeret «1242» eller «Samnanger» framfor:

- 1242, 99/99
- Samnanger, 99/99

Ved søk på gards- og bruksnummer blir eigedomen markert raud i kartet. For å sjå arealbruksfargen på kartet må ein klikka utanfor eigedomen for å bli kvitt den raude markeringa.

For å slå på flyfoto klikkar ein på knappen med tre strekar til venstre for kommunevåpenet (øvtst til venstre). Her kan ein då velja «Flyfoto» i staden for «Kart».